

Martabu ope 5 dagar i veka

17.07.2011



Martabu på Sanden vil halda ope 5 dagar i veka, opplyser Morten Nilsen.
Måndag, tysdag og fredag er opningstida 12-17,
og lørdag og søndag 9-17.
Onsdag og torsdag er det stengt.

- Med desse tidene har vi eit tilbod i Uskedalen når Systrene er stengt og vi har ope i helgene når det er mest travelt, seier Morten.

Neste helg vil Martabu selgia fersk brød og rundstykker. og Morten håpar det slår an blant frokostsvoltne turistar.

Dei vil også snarast mogeleg få på plass isdisk, godis til ungane og mykje meir.

Over er eit betre bilet av Sandamarto enn det som vart lagt ut på nettet i går Det har naturleg nok fått ein sentral plass i den gamle butikken hennar.